

## Rosa

Meisterspelemannen Svein Løndal (1864-1949) i frå Tuddal forma ut lydarslåtten Rosa i djup sorg etter blodsbroren og storspelemannen Lars Fykerud (1860-1902) i frå Sauherad.

Lars var mykje i Såemsåsen i Gaustafjell og gjette frå han var veldig liten, da Fykerudane hadde sæter der oppe. Slik fór Lars og familien med buskapen opp i gjennom Tuddal, og han og den fire år yngre tuddølen møttest tidleg. Svein talar om dette på eit intervju gjort på Buen i Jondalen i 1944. Her fortel han at dei laga seg feler sjølve og sat og *"neka og spela på fillefelun"* som smågutar.

Desse åra la grunnlag for eit eineståande forhold to tonekunstnarar i mellom. Lars var voldsom og full av gemytt både som type og som spelemann, medan Svein var den meir tagale og stillfarne. Men det vanka aldri misunning eller ukvemsord dei i mellom, og den respekten dei hadde for kvarandre vara ut i æva.

Det å møte så stor respekt hjå ein som Lars var nok også ganske eineståande, da hans framferd stundom kunne virke temmeleg respektlaus, både ovanfor andre og sjølve musikken. Slik møtte han mykje motstand i si samtid.

*"Eg skal laga ein slått, eg, som passar te' spelet ditt,"* skal han ha uttala til ein annan spelemann ei vende.

Ein gong skal han også ha sagt: *"Den slåtten skal bli god, den, når eg fær stelt litt på'n"*.

Men Svein såg det store i Lars. Han skildra det slik: *"Det e' den finaste spelemannen eg har sett."* Han kjende nok personen bakom alt det veldige og framfuse med Lars og lærte å bli glad i honom og spelet hans. Og spelet til Svein kunne Lars ikkje mislike - det var han for musikalsk til. Slik møttest dei, og der blei dei.

Lars reiste til Amerika og blei borte i åtte år. Der levde han eit herja liv – tente store pengar, men blei både lura av andre og seg sjølv, og greidde ikkje styre seg på rett vis. Han var glad i det sterke og øydela seg sjølv med det. Det var dollaren som freista honom over, men heim kom han pengelaus og svak, med tæring i kroppen. Den Lars som kom heim var ikkje den som reiste vekk, og sjølv sa han: *"Eg saknar så sjave meg."*

Han levde berre nokre få år etter han kom heim, og døydde 42 år gamal. Når han kjende det snart var omme ønskte han å få sjå Såemsåsen att, og han la ut på reise for å sjå det han så ofte hadde drøymt seg attende til.

Det var truleg denne gongen Lars og Svein møttest siste venda. Dei skjønna det båe at dette var deira avskil. Det var alvorsamt og tungt; *"Ja, no treffest me ikkje meir,"* sa Lars. *"Nei, det kan vel helste vørå det,"* svara hin. *"Da gret Lars – o' eg med, og med det skildest me,"* fortalde Svein.

Diktaren og skribenten Olav J. Rui frå Tuddal, som skreiv biografien om Svein Løndal skildra det slik når han og Svein kom innpå tal om Lars: *"Da vart han så fjern og attoversjøande i blikket, og røysti fekk noko sårt og vemotsamt i tonen, som vore det ein bortfaren bror."*

Så forma Svein ut minneslått om Lars der han tok utgangspunkt i ein gangar etter honom, som i Bø blir kalla Fjellrosa. Sonen, meisterspelemannen Einar Løndal (1914-2006), fortalde meg at det ikkje var sentimentalitet far hans la i Rosa, men sorg og fortvilning. Og Svein ville kalla slåtten "Lars Fykeruds minne", men han var smålåten og hadde for stor respekt for sin ven til å gjera det. Dette var noko som låg sterkt i sinnet hans.

Til Olav J. Rui fortalde ein annan son av Svein, Olav (1904-1986), dette om Svein og Rosa:  
”Etter far blei sjuk, slutta eg med fela. ’Spelar du kje lenger no, da?’ sa han ein dag. Eg tok fela og spela Rosa. Men da snudde han seg til veggen, og eg såg håss det gjekk honom nær.”

Rosa er ein samansmelting av Lars og Svein sitt spel, og stend attende som eit evig prov på kva som budde i og mellom to store kunstnarar. Slik er Rosa den store minneslåttene i mellom alle slåttane.

**Anbefala innspeling:**

*Olav Løndal*: ”Løndalstonar 1” (MC. Buen Kulturverkstad 1984)

**Kjelder:**

- *Olav J. Rui*: ”Svein Løndal”
- *Halvor Braaten*: Lars Fykerud
- Samtaler med *Einar Løndal*, *Knut Buen* og *Hauk Buen*.